

Innkalling til styremøte



Sted: Peiskrok Dølehalli
Tid: Mandag 14. desember 2020 Kl.: 18:00 – 19:30
Til: Geir Notodden, leiar
Eivind Berge, medlem
Bjørn Nordlien, medlem
Eivind Nordjordet, medlem
Hege Bjåland, medlem.
Solveig Jamgrav, rekneskapsfører

Kopi til: Astrid Åmot, varamedlem
Terje Nilsen Haugen, varamedlem
Nunnun Gjersund, varamedlem
Ottar Gjersund, varamedlem

Varamedlemmer vert innkalla til alle styremøte og mottek alle referat. Desse har ikkje møteplikt eller stemmerett forutan når dei stiller for ein namngitt fast representant. Dersom du som medlem må melde forfall til styremøtet, så er det ditt ansvar at ein av varamedlemmane møter i ditt namn.

Sak 1/20 **Rekneskap**

Solveig legg kort fram hovudtala i rekneskapen for 2020

- I samband med søknad om kompensasjonsmidlar for tapt inntekt grunna covid 19, må me sjå kva for tall me skal nytta. Me må vera etterrettelege, men ikkje beskjeden.

Sak 11/20 **Bjålandbollen**

Familien Bjåland ynskjer at det som ein gong var verdas største rosemåla bolle skal settast opp på Dølehalli.

- Forsikring dekkast av konn og ei mogleg utbetaling i samband med eit forsikringsoppgjer skal tilfalla Bjålandfamilien. Med andre ord: me oppbevara bollen og forsikrar denne, men har ikkje eigedomsrett.
- Takstverdi ca. 30.000 kr. Forsikringskostnad ca. 150 kr/mnd.

Sak 12/20 **Vedlikehald**

Alle planar om utbetringar er satt på vent og berre naudsynt vedlikehald er utført.

- Me må bytte to lysarmatur i trappeoppgangen. Eit er bytta sidan me hadde det på lager, men det andre må også bytast.

*Møt godt førebudde slik at me ikkje gjeng over den fastsette tida.
Helsing Geir*